

Husnes 08.08.2023

Gratulerer med elevplass ved Kvinnherad vidaregåande skule, avdeling Valekrossen

Det er ei glede å ynskja deg velkomen til skulen vår. Me håpar at me som arbeidar her innfri forventningane dine til dette skuleåret. Me skal gjera det me kan for at du skal få eit godt og lærerikt år.

Skulestart: Torsdag 17.08.23 kl 09.30-13.00.

Program:

09.30-10.45- Tid med kontaktlærer. Informasjon om skule, timeplan, IKT-system, bøker osv.

10.45-11.15 - Felles lunsj. Ta med niste.

11.15- 12.00- Tid med kontaktlærer. Den gode læringsøkta, Vurderingsgrunnlag/Frånvær

12.00-13.00- Kaffi/frukt. Avdelingsleiar tilgjengeleg for spørsmål/byte av fag.

Du får informasjon kring timeplan, romfordeling og høve til å koma med spørsmål. Timeplan vert publisert i Visma inSchool-[VIS](#) før skulestart, men me kan justera faga etter første skuledag.

Dersom du veit at du ikkje kan møte første skuledag, er det svært viktig at du gjev oss melding om dette. Det kan du gjera ved å senda oss ein e-post: hanna.haugan.solheim@vlfk.no eller kontakta kontaktlæraren din.

Dersom du ikkje gjer dette, kan skuleplassen din bli gitt til ein annan søkjar.

Dei som har fått innvilga tilrettelagt skyss må kontakta Atle Jarle Bauge og gjera avtale for første skuledag. (Tlf 916 67 752)

Fredag: 18.08.23: Fagdagsfri. Førebu deg til startsamtalet og tenk over viktig informasjon til kontaktlærer. Øv deg på å logga inn på Visma inSchool-[VIS](#) for å følga med på timeplanen.

Måndag 21.08.23: Vanleg skuledag og oppstart av ordinær timeplan

Skuletilbod:

Kvinnherad vidaregåande skule, avdeling Valekrossen, er eit skuletilbod for elevar som har ein behandlar i psykisk helsevern. Det er eit tilbod for dei som ikkje får utbytte av undervisninga på ordinær skule. Ved Valekrossen kan du fullføra heile, eller delar av, vidaregåande opplæring som

deltidselev. Omfanget kan variere frå 2 til 22 timar pr veke. Det vil difor variere kor mange elevar som er på skulen dei ulike dagane.

Undervisninga på Valekrossen er rekna som spesialundervisning. Tilvising og samtykke må fyllast ut av alle som er elev på Valekrossen skule, gjerne før skulestart. Vi kan også hjelpe til med dette – hugs å ta med deg MINID på skulen. [Søk om tilvising og samtykke](#)

Behandlaruttale

Alle som søker skuleplass på Valekrossen må ha ein behandlaruttale.

Med behandlar meinast her PPT, BUP, DPS, fastlege eller annan sosialmedisinsk instans.

Uttalen må seie noko om:

- Problema som er grunnlaget for søknaden.
- Søkjaren si faglege og sosiale funksjonsevne.
- Søkjaren sine hjelpetiltak tidlegare (type, omfang og erfaringar).
- Søkjaren sine behov i vidaregåande skole (fagleg og sosialt)

Denne må vera levert ved skulestart.

Skuleskyss

Elevar med meir enn 6 km avstand mellom heim og skule, har rett på gratis skyss til skulen. Du må sjølv søke, og får utdelt skyss-kortet på skulen. Elevar som har mindre enn 6 km til skulen, kan kjøpa ungdomskort.

Tilrettelagt skuleskyss:

Treng du drosje til og frå skulen må du ha legerklæring frå behandlar. Dette skjemaet får du ved å kontakta rådgjevar for Valekrossen [eller i denne lenkja](#).

Når skulen har fått tilsendt legerklæring bestiller skulen skyss.

Treng du ordinær skuleskyss søker du på skyss sine sider.

[Les meir her](#)

Treng du hjelp med skyss kontaktar du **Britt Huse i resepsjonen på KVV**, Tlf. 534 75 700.

Elev PC

Datamaskina er eit nødvendig verktøy for deg som elev ved ein vidaregåande skule. Du vil få bruk for maskina, både i undervisninga og til administrative gjeremål. Du har sjølv ansvar for å stille med berbar datamaskin ved skulestart.

Du kan velje å bruke eiga maskin, eller kjøpe i butikk. Du kan òg kjøpe elev-pc til subsidiert pris gjennom leverandøren til Vestland fylkeskommune. Du kan lesa meir om dette her:

[Les meir om elev PC og IT tenester](#)

Utlån av lærebøker

Lærebøkene vert lånt ut gratis. Desse låner du på skulebiblioteket vårt. Kladdebøker, skrivesaker og liknande må du kjøpa sjølv. Som ny elev må du skrive under på ein elektronisk lånekontrakt for å få låna lærebøker. Kvitteringa som du får på e-post etter å ha signert kontrakten, viser du til

bibliotekaren når du skal låna bøker. For å kunne signere kontrakten treng du MinID, BankID, BankID på mobil eller liknande. Du kan oppretta låneavtale på denne linken: ldporten.difi.no

Søknad om fritak

Når det gjeld søknader til skulen om diverse fritak, søker du no sjølv på Visma InSchool (VIS), som er Vestland fylkeskommune sitt nye skuleadministrative system.

[Logg deg inn i VIS](#)

Lån og stipend

Alle elevar med ungdomsrett, får utstyrsstipend frå Statens lånekasse. Det er ulikt beløp på stipenda for dei ulike programområda. Du må sjølv søkja om slikt stipend. Nettsøknad finn du her: www.lanekassen.no

For at du skal lykkast med opplæringa er vi avhengig av eit godt samarbeid med deg som elev. Ta godt vare på skuleplassen din og bruk tida på KVV til å skaffa deg ei god utdanning.

For meir generell informasjon om Kvinnherad vidaregåande skule, [gå inn her](#). Der finn du skulehandboka med mykje nyttig informasjon.

Vi gler oss til å møta deg og bli kjend med deg.

På nytt velkomen til KVV, avdeling Valekrossen!

Med venleg helsing

Hanna Haugan Solheim
Avdelingsleiar

Behandlaruttale og legeerklæring for skyss skal sendast til:

Kvinnherad vidaregåande skule
Opsangervegen 160
5460 HUSNES

Vestland fylkeskommune
Utdanning og karriere
<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/>

Kvinnherad vidaregåande skule
Opsangervegen 160
5460 HUSNES

Tlf.: + 47 53 47 57 00
E-post: post.kvv@vlfk.no
<https://www.hordaland.no/kvinnheradvgs>



Kvinnherad vgs.
Vestland fylkeskommune

Besøksadresse:

Sjukehusvegen, 5451 Valen

Kontaktinfo:

Avdelingsleiar: Hanna Haugan Solheim, Tlf: 47054144.

E-post: hanna.haugan.solheim@vlfk.no

Rådgjevar: Julie Holmedal, Tlf:97738651

E-post: julie.holmedal.askeland@vlfk.no

Vestland fylkeskommune

Utdanning og karriere

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/>

Kvinnherad vidaregåande skule

Opsangervegen 160

5460 HUSNES

Tlf.: + 47 53 47 57 00

E-post: post.kvv@vlfk.no

<https://www.hordaland.no/kvinnheradvgs>